

## Prosjektskildring

# Lindåsbygda og Slusene – Frå oske til eld

---

### Innleiing

Med prosjekttittel "Frå oske til eld" meiner vi at bygda skal utviklast frå å vere ein plass kor lite skjer, til å bli gneistrande og levande.

Vi ynskjer ei brei mobilisering som famnar om enkeltpersonar, eldsjeler, lag og organisasjonar, skulane, kulturaktørar og næringsliv. Her fins det til dømes fem reiselivsaktørar, som alle har trong for opplevingar i nærmiljøet. Det finst mange kunstnarar eller kulturaktørar som har ulike strengar å spele på, og som vil ha stor nytte av å bruke til dømes reiselivet som arenaer for formidling. I tillegg fins det mange frivillige lag og organisasjonar som alle har sine fokus, og som alle kan skape aktivitetar og liv i bygda.

Prosjektet ønskjer at alle desse gode kreftene skal utnytte potensialet hos kvarandre, og gjere kvarandre gode gjennom samarbeid på tvers av fokusområder og bransjar. Ein auka aktivitet vil bidra til å styrke samhald og trivsel i bygda. Samstundes vil det styrke næringsgrunnlaget for ulike verksemder, då bygda får meir å tilby, også besøkjande/turistar. Dei gode opplevingane bygda hadde i samband med folkefesten 10.aug 2013 (Opning av slusene og Kystsogevekene) er bakgrunn for at vi satsar på eit årleg sommararrangement på Lindås. Dette vert ein del av mobiliseringa vår i 2014. Arrangementet skal vere ein folkefest kor alle dei ulike aktørane bidreg, og målet er å skape noko unikt som også dreg folk langvegsfrå.

### Bakgrunn

Lindåsbygda, ifrå å være ei hamn for handel og ferdsel i gamle tider, har flytta sentrum og budstader, handel og service for ålmenta opp langs hovudvegen. Nedre Lindås har likevel eit stort potensiale for utvikling både for næringsliv, innbyggjarar og besøkjande.

Som vi veit er bygda delt av hovudvegen mellom Knarvik og Mongstad. Mesteparten av dei nye bustadane finn vi på oppsida av vegen, mens den eldre delen av bygda er på nedsida av hovudvegen, mot sjøen og Lindåsosane. Dette var det tidlegare sentrum, og ber på mykje historie og gamle bygg.

Med prosjektet ynskjer vi å samle bygda til felles aktivitetar kor både nyinnflyttarar og den eldre garde er delaktige. Det er mange ulike aktørar både innanfor frivillige, næringsverksemder og kultur i bygda. I korte trekk kan situasjonen i dag skildrast med at kvar driv med sitt, utan å nytte potensialet som ligg i samarbeid på tvers av aktørar.

I dag står slusene som eit nyrestaurert kulturminne som kun er tilgjengeleg for dei som har eigen båt. Det er eit uttalt ynskje både frå kommunen og i bygda og gjere dette kulturminnet meir tilgjengelig for alle.

Lindåsbygda er i dag ikkje særleg godt tilrettelagt for dei som vil oppleve kva bygda kan tilby. Her kan veldig mykje gjerast av fysisk tilrettelegging. Kart over nærområda, kajakløyper og utleige, lokalhistorie, turløyper, informasjon om slusene, informasjon om sildestammen og det unike sjølivet i Lindåsosane, store menn og kvinner frå området, opplevingar/attraksjonar er eksempler på noko av det som ikkje er godt nok synleggjort og tilgjengeleg for folk.

Under opning av Lindåsslusene og Kystsogevekene 10.august 2013 var det eit yrande folkeliv i det gamle sentrumet og ein kunne sjå gryande mogelegeheter for nye aktivitetar i bygda. Det var ein fantastisk dag, og mange frå bygda uttrykte at «vi må få til noko sånt kvart år». Folkefesten på Nedre Lindås blei arrangert av nærings-, kultur- og frivillige aktørar i bygda. Av årlege, større arrangement er Julegata på Nedre Lindås og Spjeldnes det einaste bygda kan skilte med. Julegata er fast over to dagar 1.helga i advent, og er eit samarbeid mellom reiseliv- og kulturaktørar på Nedre Lindås og Spjeldnes. Vi nyttar då seks av dei gamle bygningane i det tidlegare sentrum (nokre av dei er i dag private bustadhus). Julegata har innslag av tradisjonelle julemarknader, men har stort fokus på at dei besøkjande skal ha ei god oppleving av kunst, kultur, arkitektur og lokalhistorie. I tillegg til veldig mange lokale besøkjande, er det fleire og fleire langvegsfrå som tek turen.

## Prosjektmål

### Overordna mål:

Gjennom samarbeid i bygda skapar vi trivsel, styrker identiteten til Lindåsbygda og aukar aktivitetane mellom frivillige, kulturaktørar og næringsdrivande slik at bygda er ein levande plass og bu og besøkje.

### Hovudmål:

1. Å tilrettelegge for oppleving av slusene, både slik dei står, men også skape anledningar kor dei er i drift.
2. Synleggjere det unike bygda kan tilby både for fastbuande og besøkjande
3. Auke næringsgrunnlag for kulturaktørar og småverksemder gjennom samarbeid med reiselivet
4. Auke næringsgrunnlaget for reiselivet gjennom å tilby nyskapande og spennande opplevingar

## Forankring

Det har kome positive signal både frå innbuarar, næringsliv, frivillige og kulturaktørar om at det er veldig bra at vi set i gang eit prosjekt som aukar aktivitet, samhald og utvikling i bygda. Med bakgrunn i desse tilbakemeldingane har vi allereie hatt fleire mobiliseringsmøter og har starta kartleggingsarbeidet av dei tilbod og ressursar som finst. Kartlegginga har resultert i ein oversikt som er lett å finne fram i når du er på jakt etter konkrete tilbod/ressursar (ligg vedlagd). Denne har no alle aktørane tilgang til.

I tillegg til at Kultureininga og Næringssjef i Lindås kommune har vore med, har også Nordhordland Næringshage vore involvert frå starten. I samråd med kommunen vil Næringshagen stå som prosjektansvarleg.

I fleire kommuneplanar ser vi at det er ynskjeleg med tilrettelegging og utvikling av Lindåsslusene og Lindåsosane for opplevingar, noko vi vil ha fokus på i prosjektet: *Kulturminneplanen for Lindås 2011-2021*: Betre tilkomst for til Lindåsslusene for ålmenta *Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (Plan- og miljøutvalet)*: påpeikar at Lindåsosane har stort potensiale for friluftsliv og aktivitetar og bør utnyttast betre til dette

## Prosjektorganisering

**Prosjektansvarleg:** Nordhordland Næringshage. Prosjektet fell inn under satsingsområdet til næringshagen, og kommunen er svært tilfreds med at Næringshagen står som ansvarleg.

**Prosjektleiar:** Elisabeth Tonheim. Er gründar, kulturformidlar og eldsjel, og bur i Lindåsbygda. Elisabeth har i fleire år hatt nært samarbeid med Næringshagen, og har også vore nytta som prosjektleiar av Lindås kommune (Opning av Lindåsslusene og Kystsogevekene).

**Prosjektgruppe:** Den vidare organisering av prosjektet må takast etter bygdemobiliseringa og engasjementet blant deltakarane. Det er ynskeleg at prosjektgruppa inneheld representantar frå dei ulike aktørane, og at vi har så brei representasjon som mogeleg. Det vil vere naturleg at kommunen også er representert.

Etter kvart som aktivitet og eventuelle delprosjekt vert konkrete, vil det opprettast ansvarlege grupper for desse. Det vil vere eit mål å fordele ansvar og oppgåver etter engasjementet, for å få så godt resultat som mogeleg. Det er allereie sett ned ei gruppe som skal jobbe med sommararrangementet beståande av: Tomas Johannessen, Heidi Hauge Spjeldnes, Trond Fjellanger og Elisabeth Tonheim.

## Samarbeidspartnere

Prosjektet har allereie blitt tatt opp som assosiert prosjekt i LivOGLyst og fått tildelt nokre midlar (sjå finansieringsplan).

Elles er alle dei fem reiselivsaktørane i bygda med, samt elleve andre aktørar innanfor kultur, kunst, oppleving, bygdelag, underhaldning ol.

## Aktiviteter

Idear og forslag til aktivitetar som har kome opp i løpet av mobiliseringsmøta:

### 1. Mobilisering

Opprette samarbeidsnettverk for bygdelag, næringsliv og kulturverksemndene i Lindåsbygda. Finne samarbeidsområder mellom aktørar innan reiseliv, kultur, frivillige lag/organisasjonar, gründarar mm for å styrke Lindåsbygda både for fastbuande og tilreisande.

## **2. Kultur og natur**

Lindås Sjøsluser på Spjotøy. Oppleving også for dei som ikkje kjem sjøvegen til Lindås. Samarbeid med Lindås kommune for å finne gode løysingar til dette.

Arbeide for å finne lokale samarbeidsaktørar som vil nytte Lindåsslusene og Lindåsosane som område for aktivitetar og opplevingar.

Synleggjere bygda gjennom skilting som fortel historia til Sildestammen, Slusene og «gamle» Lindåsbygda for fastbuande og tilreisande.

Skape aktivitetar i dei gamle bygningane som Rosenlund, Tinghuset, Lindåstunet, Aslaug Låstad Lygre sin heim.

Betre tilgang på naturoppveingar gjennom merking/rydding av turløyper, attraksjonar, tilrettelegge for kano/kajakpadling. Sikre at informasjon er tilgjengeleg gjennom reiseliv og andre.

## **3. Arrangement**

- Årleg sommararrangement i bygda. Dette ser vi som ein del av mobiliseringa av bygda.
- Årleg vinterarrangement i bygda (Julegata på Nedre Lindås og Spjeldnes)

### **Vedtak om aktivitetar**

På mobiliseringsmøtet 13.januar kor alle aktørar var invitert vart det vedteke å ha fokus på følgjande no innleiingsvis:

1. Sommararrangement
2. Kunstudstilling i Lindåsosane
3. Båtskyss i Lindåsosane
4. Vedlikehald av turløyper

### **Om sommararrangementet**

Sommararrangementet skal vere ein festival i det gamle sentrumsområdet på Lindås med ulike aktivitetar og opplevingar over ei helg. Det er i dette området Julegata på Nedre Lindås og Spjeldnes føregår, og det var her Opning av Kystsogevekene og Slusene føregjekk. Det unike miljøet av sjø, gamle bygnader og mykje historie skapar ei unik ramme for eit slikt arrangement. Av idéar til innhald som har kome opp og som vi vil jobbe vidare med kan nemnast: «Verdas lengste sjømatbord», torg på brygga med fokus på mat frå produsentar i Nordhordland, kunstudstillingar i ulike lokale, opning av sjøutstilling i Lindåsosane (eige delprosjekt), operative sluser på Spjotøy, båtskyss til Slusene, konsertar mm. Arrangementet vil ha brei marknadsføring.

## **Tids- og kostnadsplan**

### **Framdriftsplan**

VINTER 2013/2014

1. Presentasjon av prosjektet og mobilisering i bygda.
2. Opprette og organisere prosjektgruppe

## VINTER/VÅR 2014

1. Mobilisering og gjennomgang av idear og mogelegheiter for bygda.
2. Finne bygdeaktivitet for sommaren

## SOMMAR 2014

1. Gjennomføring av sommararrangement
2. Gjennomføring av evt annan aktivitet

## HAUST 2014

1. Evaluering av gjennomført aktivitet og vegen vidare

## Ressursar og budsjett 2014

Kostnader		Finansieringsplan	
Art:	NOK	Kjelde:	NOK
Møter, arrangement og info.tiltak	60.000	LivOgLyst, HFK, assosiert prosjekt	40.000
Årlig sommararrangement	120.000	Lindås kommune	100.000
Prosjektleiing, koord. delprosjekt	50.000	Næringsliv bidrag	60.000
Administrasjon og diverse	20.000	Egeninnsats	60.000
SUM	260.000	SUM	260.000

## Kontaktopplysningar

### Søker

Nordhordland Næringshage AS  
Mastrevik Torg  
5943 AUSTRHEIM  
Org.nr:998557542

### Kontaktperson

Solveig Lerøy  
Mob: 95213012      Mail: [solveig@nh-nh.no](mailto:solveig@nh-nh.no)

### Prosjektleiar

Elisabeth Tonheim,  
Rosenlund  
Bleikvollen 4  
5955 LINDÅS  
Mob: 90600806      Mail: [elisabeth.tonheim@gmail.com](mailto:elisabeth.tonheim@gmail.com)